Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85

Tilleggsspørsmålnr.

Emne :

Oppskr. av : Johan Veka

(adresse) : Bråtveit

Fylke : Rogaland

Herad : Suldal

Bygdelag .

Gard :

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn : (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

1) Ja, di gamle reinsdyr-veidarane skaut ikkje på sovande dyr. Heller ikkje på kalvar. Det såg ein nedaast om synd!

3) Di gamle såg stort på söndagen og helgefreden. Di kunne ikkje tenkje seg å gå på jakt på söndag. Så var det med Bromberikkjen, Knut Aukleiv, Gabriel Dyngjanes, alle kjende reinsdyr-veidarar i 1800-talet.

14) Anna Sandvik, som var bundeie i mange år, kring bundeårsskiftet,*) såg eld som eit vern mot bjørnen og ho bar alltid fyrstikker og noe med seg når ho fölgde kyrne åt beite.

*) på Tuggedals-stölen i Bråtveit

16320

19) På Ropeid i Sand, eidet

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

mellom Sandsfjorden og Vindafjorden, der strekte dei eit bastetau frå fjord til fjord til vern mot skrubben. Den herja i Innland, og no ville dei hindre han inn i Sand, og det vert fortalt at Stavanger Amtsting ytte pengar til tau og arbeid, truleg i 1840-åra.

21) Gamle Metta Bleskestad las alltid ei bøn frå stølsdøra før ho gjekk og la seg, er det fortalt til vern mot bjørnen.

26) Ein måtte aldri skyte gjennom skjåa. Då skjemde ein børsa. Hallvard Jøto var stø i trua si her.

28). Helge Berge og Jo. Steen skaut den siste bjørnen i Suldal i 1906. Anna bjørnen gjesta Suldalsheiane i sommar 1922, og drap då sau i Bratteit-heiane.

16320